

Kjære vener og samarbeidspartnarar

Høgskulen Stord/Haugesund, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen i Bergen (HVL) samlar kreftene, og Høgskulen på Vestlandet er ein realitet frå 1. januar 2017.

Vi fusjonerer for å bli ein endå viktigare og meir tilgjengeleg samarbeidspartnar for samfunns-, arbeids- og næringsliv på Vestlandet, enn dei tre høgskulane har vore kvar for seg. Saman med dykk kan vi bygge gode partnarskap innan utdanning, forskning og innovasjon på Vestlandet. Vi vil også bidra til både nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling.

Vi slår oss saman fordi vi har mange fellestrekk og gode føresetnader, men også fordi vi har styrker og særtrekk som samla sett vil gje eit endå betre tilbod til landsdelen vår.

Høgskulen på Vestlandet har ein klar ambisjon om å bli universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil. Vi vil vidareutvikle studiestadane slik at regionrolla vert teken godt vare på, og vi vil svare godt på dei omstillings- og endringsbehova som kjem. Det er viktig for HVL å bli ein konkurransedyktig og attraktiv institusjon for studentar og tilsette.

Samla utdannar vi årleg over 2700 kandidatar på viktige samfunnsområde, og vi deltek aktivt i samfunnsutviklinga innan forskning, utvikling og innovasjon. Ved å samle krefter vil vi kunne styrkje denne regionrolla, og vi vil kunne skape fleire nye tilbod og initiativ enn om vi held fram kvar for oss.

Vi har allereie sterke og innovative fagmiljø innan både helse og sosialfag, samfunnsfag og ingeniør- og økonomifag. Høgskulen på Vestlandet vil også bli den nest største lærarutdanningsinstitusjonen i landet. Vi vil kunne tilby lærarutdanning på alle nivå, frå barnehage til vidaregåande skule, og eit breitt vidareutdanningstilbod. Det største løftet vil vere innføringa av ny, 5-årig grunnskulelærarutdanning frå 2017.

I løpet av 2017 skal mykje gå seg til, og implementeringa av den nye organisasjonen vil først vere ferdigstilt i 2018. Difor vil våre samarbeidspartnarar i høg grad treffe mange av dei same personane og einingane som før, i det komande året.

Vi ser fram til å ta fatt på det viktige arbeidet med å byggje den nye institusjonen, saman med gode krefter internt og i nær dialog med våre viktige samarbeidspartnarar. Vi håpar at de vil vere med på reisa mot målet vårt – ein mangfaldig og attraktiv kunnskapsinstitusjon som set spor både nasjonalt og internasjonalt!

Beste helsing



Berit Rokne
Rektor



Arvid Hallén
Styreleiar